

VEDTEKTER OSTERØY KULTURSKULE

1. Eigartilhøve

Osterøy kommune står som eigar av Osterøy Kulturskule. Kulturskulen er administrativt knytt til sektor for Oppvekst, undervisning og kultur - Eining for kultur og mangfald. Det daglege ansvaret er delegert til leiar for Osterøy Kulturskule.

2. Lovverk og planar

Kulturskulen skal drivast i samsvar med opplæringslova paragraf 13.6, styringsdokumentet «*Osterøy på sitt beste*» (2021-2025), barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12, grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17, samt gjeldande kommunale planar og forskrifter.

3. Visjon – «Ein kulturskule for alle»

Visjonen til kulturskulen er skildra i Stortingsmelding 18 (2020-2021).

4. Personalalet i kulturskulen

Personalalet i kulturskulen har god kjennskap til kommunen sine overordna verdiar, mål og strategiar. Dei har eit særleg ansvar for å skapa eit godt skolemiljø der elevane kjenner seg trygge og sett. Personalalet har god fagleg kunnskap innan fagområda dei underviser i.

Den som vert tilsett midlertidig eller fast skal levere tilfredsstillande politiattest innan dei byrjar i stillinga.

5. Foreldre/elevmedverknad

Barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 gjev alle born rett til å bli høyrd i saker som angår dei og at barnets beste skal vera eit grunnleggande omsyn. Dette gjeld i kulturskulen sin sakshandsaming og kulturskulen sitt pedagogiske arbeid. Born og foreldre vert som eit minimum invitert inn til ein utviklingssamtale kvart skuleår.

6. Tilbod

Kulturskulen har eit tredelt tilbod; kjernetilbod, breiddetilbod og fordjuping.

6.1 Kjernetilbod

Kjernetilboda i kulturskulen består i dag av opplæring innan musikk, dans, visuell kunst, drama og media.

6.2 Breiddetilbod

Kulturskulen tilbyr tenester og samarbeid med kommunale verksemder, lag og organisasjonar, samt eigne tilbod med låg terskel for deltaking. «*Smartstart*», «*Blås i skulen*» (for 4. trinn) og «*Barnehagesong*» er døme på nokre av våre breiddetilbod. Kulturskulen tilbyr også dirigenttenester til korps, spelemannslag og kor etter eigne satsar og avtalar.

6.3 Fordjuping

Kulturskulen samarbeider med Bergen Kulturskule om fordjuping. Elevar med særskilt interesse og høg fagleg utvikling kan søke fordjuping. Frist for å søke er 01.februar kvart år, og elevar får tilbod om plass etter å ha gjennomført tilfredsstillende prøvespel/framsyning og intervju. Kriterium for opptak variere innan faga. Osterøy Kulturskule tilbyr fordjuping i folkemusikk for andre kommunar.

7. Undervisningstid

Osterøy Kulturskule følgjer skuleruta med 36 veker undervisning, i tillegg til 2 veker som er sett av til framsyningar og anna elevrelatert arbeid. Til saman 38 veker.

- Individuell undervisning: 20 minutt.
- Individuell undervisning for elevar som går på Vgs: 30 minutt.
- Gruppeundervisning (ved 3 elevar eller fleire): 60 minutt.
- Eigne føresegns gjeld for fordjuping og er tilrettelagt det aktuelle faget.

Faga dans, drama, smartstart, teater, småbarnstilbod, visuelle kunstfag og tilsvarende vert som hovudregel undervist i grupper der ein legg pedagogiske omsyn til grunn for undervisningstid og lengda på undervisninga. Undervisningstida kan bli redusert etter nærmere vurdering med til dømes omsyn til alder, psykososiale og fysiske omsyn.

8. Opptak

8.1 Søknadsprosess

Søknadar om elevplass, moderasjonar, re-registrering og utmelding vert levert og handsama via gjeldande digitale administrasjonssystem. Søkjær pliktar å halde informasjonen sin oppdatert etter tildeling av plass og oppstart av tilbod. Frist for re-registrering er 1. april. Kulturskulen har ope for nye elevopptak heile året. Søknadsfrist for opptak til påfølgjande skuleår er 1. mai.

8.2 Kriterium for opptak

Kulturskulen har i dag elevar mellom 6- 19 år som særskilt prioritert målgruppe. Elevar som er yngre eller eldre kan få innvilga plass dersom det er kapasitet.

- Elevar utan plass i kulturskulen vert prioritert.
- Inntak til fordjupingstilbod skjer etter opptaksprøve.
- Elevar kan ha fleire tilbod i kulturskulen.

8.2 Byte av fag

Ein kan søkje om byte av fag som del av re-registreringa. Eksisterande elevplass vil fortsette saman med plass på venteliste til aktuelt nytt fag. Bytte av elevplass vert tildelt etter ventelisteansienitet på det aktuelle faget. Ynskje om byte av lærar skjer etter like føresegn.

8.3 Venteliste

Dersom det er fleire søkerar enn elevplassar, gjeld følgande kriterium for prioritering:

- Ventelisteansienitet innan gjeldande fag.
- Alder.
- Timeplan.
- Alderssamansetning.

9. Eigenbetaling, moderasjonar og generelle føresegner

9.1 Eigenbetaling

Eigenandel vert fakturert 2 gongar i året, haust og vår.

Betalingssatsane vert bestemt politisk i kommunen, med moglegheit for justering kvart andre år.

Prisane pr. semester for skuleåret 2023/24 er:

| | |
|--|---------|
| Individuell instrumentopplæring 20 min | Kr 2225 |
| Individuell instrumentopplæring i lag, til dømes korps eller spelemannslag | Kr 2050 |
| Liten gruppe: Media/visuell kunst og bandskule | Kr 1900 |
| Stor gruppe: Teaterkor/dans | Kr 1700 |

9.2 Moderasjonar

Det vert gjeven søskensmoderasjon når tre eller fleire sysken samstundes er elevar ved kulturskulen.

Moderasjonen er 50 % reduksjon i pris for søsken nr.3 og så vidare. Føresett må opplyse om dette inn treff til leiinga av kulturskulen slik at moderasjonen vert sett i kraft.

9.3 Redusert eigenandel for hushald med låg inntekt

Ein kan søkje om 70% reduksjon av eigenandel dersom husstanden samla har ein inntekt som er under kr 566 100 i året. Søknaden må sendast før eleven byrjar i kulturskulen om hausten. Ved opptak midt i året, skal søknaden sendast seinast 14 dagar etter tildelt plass. Det vert gjeven rabatt for eitt fag pr. elev. Ordninga er avgrensa til 15 plassar pr. år.

9.4 Bindingstid

Påmeldinga gjeld for heile skuleåret. Ein må betala fullt for kvart påbyrja semester. Dersom eleven finn ut at faget ikkje er noko for seg, må eleven slutte innan 14 dagar etter oppstart for å unngå fakturering. Dersom ein elev ynskjer å slutte etter haustsemesteret, må kulturskulen få melding om dette før 31. desember for å unngå betaling for vårhavåret. Elevar som av uførutsette årsaker må slutta i kulturskulen, til dømes ved sjukdom, flytting eller andre særskilde grunnar, kan søkje om redusert betaling til leiari for kulturskulen.

9.5 Permisjon

Permisjon frå elevplass er gjeldande for eitt kulturskuleår. Før permisjontida går ut, og før 1. april, må eleven/føresett ta kontakt for å avklara situasjonen vidare. Elevar i fordjupingsprogrammet som har fått innvilga permisjon, må rekne med ny opptaksprøve etter avslutta permisjon.

9.6 Frammøte og fråvær

Elevar som ikkje møter til undervisning, vert registrert og kommunisert via digitalt administrasjonssystem. Eleven pliktar å møte presis og førebudd til undervisning og arrangement. Føresett eller elevar melder fråvær direkte til lærar via læraren sin kommunale e-post.

9.7 Tap av elevplass

Manglande innbetaling av eigenandel fører til tap av tildelt plass.

9.8 Reduksjon av eigenandel ved tap av undervisning

Det vert gjeven reduksjon av eigenandel i kulturskulen dersom kulturskulen på grunn av uventa hindringar må avlyse meir enn 2 undervisningsgongar pr. semester der det ikkje vert sett inn vikar eller sett opp erstatningstime. Ein får reduksjon frå og med den 3. gongen.

9.9 Deltaking på arrangement og fellesprosjekt

Osterøy Kulturskule arrangerer fleire konserter, framstillingar, utstillingar og samarbeid gjennom kulturskuleåret. Dette er ein integrert del av undervisninga og opplæringsløpet.

9.10 Pedagogisk plattform

Osterøy Kulturskule byggjer undervisninga på gode rutinar, lokale fagplanar og god praksis. Utarbeiding av lokal rammeplan for kulturskulen er ein viktig del av utviklingsarbeidet i avdelinga.

9.11 Klageinstans

Leiar for Eining for kultur og mangfald er klageinstans for kulturskulen.

10. Internkontroll

Osterøy kulturskule følgjer kommunen sitt HMT-system. Kvalitetssikring- og avviksmelding skjer i Netpower. Kvalitetsutvikling blir fulgt opp slik det er skildra i styringsdokumentet "Osterøy på sitt beste".